

## RAPPORTSKJEMA FOR BRUK AV FOU-MIDLAR FRÅ NYNORSKSENTERET

Namn på institusjon: Kviteseid skule  
Rektor/fagleg leiar: Liv Sonja Flolid  
Telefonnummer: 350 55 300  
Postadresse: 3850 Kviteseid  
E-postadresse: liv-flolid@kviteseid.kommune.no

Namn på ansvarleg(e) for prosjektet: Øyfrid Garborg Sande Aufles

Tidsrom for rapporten: August 06–juni 07

### **Føremålet med prosjektet**

Korleis fremje trygge, glade og stolte nynorskbrukarar i byrjaropplæringa i ein elles så bokmålsdominert skrivekultur.

Prosjektet går ut på å starte lese- og språkopplæringa med verkstadpedagogikk. (Arne Trageton) Verkstaden er tenkt brukt ein dag i veka fram til og med 4. klasse. Elevane skal gjennom røynslar og opplevingar på verkstadane verte medvitne eige talespråk og talespråket i høve til nynorsk skriftspråk. Vidare er tanken at mykje arbeid med språk og tekstskaping skal gå føre seg med pararbeid på PC. Elevane skal ”taste” seg til lesing og etter kvart tekstskaping. Med 11 elevar i 1. klasse hadde det då vore perfekt med sju PC-ar i dette opplegget. Mykje av lesestoffet ungane då får i grunnopplæringa er tekstar henta frå sjølvopplevde hendingar og eigen fantasi i tekstskapingsarbeidet.

For å få til dette, må eg gjera om på det tradisjonelle 1. klasserommet til ein ”verkstad”. Røynslene og ideane til ungane vert mykje av basisen i grunnopplæringa. Det dei sjølv skaper er morosamt og motiverande for både liten og stor.

### **Organisering og gjennomføring**

Klasseromet er innreidd med ein høvelbenk, ei sandkasse, byggeklossar i tre med ulike lengder og plastilina på leireverkstaden. Fire berbare datamaskinar vert sett opp på ungdomskulepultar. Slik kan elevane stå og skrive, og ein treng ikkje stolar som stel plass i klasserommet. Kvar måndag har klassa verkstad. Me startar etter morgonsamling, ca. kl.9.00, og brukar resten av dagen til verkstadøktene. Klassa på 11 elevar er delt i tre grupper. Dei er blanda gutar og jenter, og skiftar verkstad ein gong i veka. Etter fire veker har alle arbeidd på alle verkstadane. Eg har med meg ein assistent i fire timar. Elles har me fylgd bokstavprogresjonen i Zeppelin ABC med ein ny lyd kvar veke.

Fyrste økta skaper og leikar elevane på verkstaden. Andre økta presenterer verkstadgruppene dei ulike arbeida rundt på verkstadane. Etterpå ryddar elevane opp verkstadane. No har me ei lang matpause. Me har lagt føre- og ettermiddagsfriminutt inn i matfriminuttet, og får slik ein heil time pause. Etterpå er det tid for arbeidsøkt i ”Verkstadboka”. Alle har ei A4 arbeidsbok med blankt ark på eine sida og linjer på motsett side. Her teiknar og etterkvart skriv dei frå verkstadane. I hausthalvåret skreiv oftast assistenten og eg tekst som eleven dikterte. Siste økta presenterar kvar elev si bildeforteljing. Dei får her konkret, positiv respons på teikninga og den munnlege forteljinga. Etterkvart (etter nyttår) må elevane og grunnkje responsen dei gjev.

## **Kva er oppnådd i prosjektet?**

Gjennom leik og skapande arbeid har alle elevane lært å lesa utover skuleåret. Nokre las alt i haust. Ein opplever aldri at elevane ikkje forstår kva dei skal gjera, eller at dei har vanskar med å koma i gang. Eit av måla mine var samarbeid og konfliktløysing på barna sitt nivå på dei ulike verkstadgruppene. Her har elevane oftast samarbeidd med same kjønn, og stille vore einig om ”usynlege grenser” i leiken. Sandkassa vart t.d. ofte delt av eit hav ca. midt på der det sumde delfinar og haiar.

Elevane er no klar over at me har to skriftspråk i landet vårt, nynorsk og bokmål. Hausthalvåret brukte elevane store bokstavar når dei skreiv på datamaskinene. Dei byrja ofte med namnet sitt, deretter vart det hemmeleg skrift. Etterkvart skreiv dei og namnet på familiemedlemmar og andre elevar i klassa. Etter nyttår byrja om lag halvparten av elevane å velja små lesebokstavar i tekstsapinga på datamaskinene. Rundt påsketider vel alle små bokstavar. Elevane er godt kjende med knappen som vel store eller små bokstavar. Dei fleste byrja å skrive sitt eige namn, namn på venner og familie før dei byrja å skrive små forteljingar.

Dei to fyrste vekene i haust opplevde eg at ikkje alle gutane lika å teikne noko særleg. Ein teikna berre eksos, ein annan vart fort ferdig med nokre få strekar i boka si. Forbausande fort vart dei ivrige til å arbeide med teikning og tekst i verkstadboka. Nokre tok til og med teikninga med ut i friminuttet for å gjera ho ferdig. Dette meiner eg kjem seg av at elevane gjennom leik og konkrete materialar har skapt sin eigen læringsarena. Dei får god tid til å gå i djupna på leik og arbeid når dei er på same verkstaden heile dagen. Eg, som lærar, går inn og ”pakkar” på kunnskapar og omgrep frå alle fag inn i leiken deira. Eit anna viktig moment er kjensla av meistring frå dag ein på skulen. På verkstadane arbeider elevane ut frå indre motivasjon. Her er ingen ting feil eller gale. Alt er rett, og alle er stolte over det dei har skapt både på verkstaden og i arbeidsbøkene. Alle elevane gler seg til opplesing av eiga bildeforteljing, og i denne fasen skal dei og gje kvarandre positiv, konkret kommentar på bildeforteljingane. Etter nyttår skal dei i tillegg grunngje responsen. På denne tida byrja me og å skrive dato i verkstadboka. Eg skriv han fyrst på tavla.

Uti februar/mars byrjar jentene å gå forbi gutane i mengde tekstproduksjon på datamaskinene.

Elevane har lært at datamaskina er ein reiskap i skriving, nett som blyanten. Dei har og fått god trening i å slå på datamaskinene, opne, finne mappa dei skal skrive i og å slå av datamaskinene.


## **Plan for vidareføring av prosjektet:**



Prosjektet med ”verkstadmetodikk og tastatur” har vore svært positivt. Me vil halde fram med verkstad ein dag i veka neste skuleår. Den nye 1. klassa vil og ha ein verkstaddag i veka.


## **Samla vurdering av prosjektet**

Elevane er motiverte, engasjerte, leikande og aktive produsentar i eiga byrjaropplæring. Alle opplever meistring frå fyrste dag. Dette styrkjer sjølvkjensla og gleda i å produsere og skape sjølv. Elevane vert trygge på eige arbeid og framføring av dette. Små lesebokstavar kunne elevane velja på datamaskinene når dei sjølv var klare for det. Me har eit nynorsk fokus på språk- og skriveutvikling i ein leikande læringsarena gjennom denne metoden. Slik håpar eg ungane på ein positiv måte vert medvitne nynorsk skriftspråk i høve til dialekten, og at dei i vår elles så bokmålsdominerte tekstverd vert trygge, glade og stolte brukarar av nynorsk skriftspråk.

Bilete frå verkstaden:







GOD SOMMAR.

HELING 1. KLASSE PÅ KVITSEID SKULE